

VELKOMI HEIM.

Töne: Jeg går til Himlen, der er mitt hjem.

— " —

Velkomi heimatt til barndoms tun og heimegrend skal Du vera.
I frå di utferd til Kamerun, der Du Guds arbeid fekk gjera.

Du vart den fyrste frå bygdi her som drog til landi i søder
som Herrens vitne og missjonar bland heidne systre og brøder.

Din livsveg ut til den fjerne verd vart ikkje lystreisi berre.
Men ein var med på den heile ferd: Din eigen Frelsar og Herrre.

Du møtte systre og truesbrør der ut i heidningevrimlån.
I same erend dei var der sør : Å vinna sjæler for Himlen.

Det heidne livet, med last og gru, som Du laut møta der ute
tok ofte hardt på di kristentru. Heldt jamt Deg vaken på pute.

Men Du fekk røyna: "Som dagen er, skal ogso styrken din vera."
Gud lyfte byrda i frå di herd, når ho for tung vart å bera.

Din gode hynding og tilsynsmann gav kraft i freisting og fåre.
I sorg og heimlengt, då trøysta han, og lakte djupaste såret.

Du sjølv vart trøysta når trøyst Du gav til ein i verk og i våde.
Når mildt Du turka ei tåra av, då vart Du styrkt av Guds Nåde.

Og fekk Du gleda Deg med ein glad, Du gløymde heimlengt og møda.
Og når - ved krossen - ein syndar bad, Du sjølv fekk åndeleg føda.

Når barnesmilten Du lokka fram, so sorg og liding dei gløymde,
og ~~kjært~~leg trøysta ein blind og lam, Guds eigen smil mot Deg strøymde.

Han som Deg fylgde på all din veg, vil ogso signa di kvila.
So kveikt og ny-styrkt Du atter dreg til dei som lid so fortvila.

Gud, styrk ho Aslaug til siste dag. Og sågn Du heimkome-festen.
Kom inn til oss i vårt systkinlag, og ver Du Høgsæte-gjæsten.